

RAPPORT, SAMNANGER BRANNSTASJON

Reviderte tegninger og kalkyler fra rapport D

28.01.25

1. INNLEIING

Dette notatet er utarbeidd på bakgrunn av henvending frå kommunen om å lage forslag til planløyising for ein brannstasjon med treningsrom og der garasje er isolert. I tidlegare rapport (*Rapport D Brannstasjon Samnanger, kostnadsreducerande tiltak*) var bygget teikna utan treningsrom og med uisolert garasje. Under pkt. 2. ligg teikningar og beskriving av kva som er endra frå rapport D.

Det er utarbeidd nye kalkylar for justerte teikningar.

Visar til tidlegare rapportar for beskriving av grunnlag, regelverk, prosess og tidlegare alternativsvurderingar.

2. ROMLØYSING


Det er gjort ei justering av brannstasjon frå det som vart vist av teikningar i rapport D og som er tilpassa tomte på Tjoraklumpen basert på følgjande kriterium:

- Garderobeplass til 20 menn og 3 kvinner
- Rein og skitten sone må vere ivaretatt
- Sjølv om stasjonen ikkje er bemanna, krevjar arbeidstilsynet at det vert etablert kontor og pauserom. Dette er stadfesta gjennom prosessen.


Det er teikna ut ein planløyising som syner følgjande:

- Garderobar med rein og skitten sone. 20 plassar i herregarderobe og 3 i damegarderobe.
- Frå teikningar i rapport D er gasjen no gjort isolert.
- Frå teikningar i rapport D er det plassert eit treningsrom i bakkant av vaskehallen. Ventilasjonsrommet er plassert over treningsrommet.
- Vaskehall er utvida i front på grunn av krav til storleik på treningsrommet¹ Det er ein føresetnad at ein bil står parkert her.
- Areal på verkstad og lager er redusert frå teikning i rapport D, då det er teikna inn kompressorrom, ein utvida reinhaldssentral og det er vist moglegheit for flaskerom.
- Kontor og møterom/spiserom er inkludert på bakgrunn av krav i arbeidsmiljølova.

¹ Drøfta med Bedriftshelse1, verneombod og tillitsvalt.



plan 01




plan 02

Samla BRA er 672 kvm. Teikningar ligg vedlagt.

Bygga er ikkje detaljprosjekttert. Det er ikkje teikna eller bestemt tilhøve knytt til materialbruk og dimensjonar på materiell.

3. TILPASSING TIL TOMT

Det er undersøkt korleis stasjonen kan få plass på tomta samstundes som krav til parkering, manøvrering og byggeavstand mot fylkesveg på begge sider vert ivareteke. Forslag til løysing for plassering av bygg, parkering, mur mot fv. Samnangervegen og mur mot Tyssevegen er vist under. Det er ein føresetnad at port til vaskehall er 4,5 meter brei for manøvrering.



Figur 1. Illustrasjonsplan.

4. KALKYLER

Kalkyler for brannstasjonen er oppdatert etter justerte teikningar:

- Alle arealer er berekna som isolert og oppvarma
- Det er ikkje heis opp til ventilasjonsrom
- Det er betydelege mengder med natursteinsmur, ca. 800m². Det er i tillegg trong for god sikring på topp mur for å hindre utforkøyring.
- Er lagt til grunn enkle men robuste kvaliteter.

Kontosammenstilling			
Konto	Tekst	Brannstasjon	Pris
	KALKYLE		
01	FELLESKOSTNADER	3 908 602	3 908 602
02	BYGNING	12 099 094	12 099 094
03	VVS-INSTALLASJONER	3 947 325	3 947 325
04	ELKRAFTINSTALLASJONER	2 492 857	2 492 857
05	EKOM OG AUTOMATISERING	914 998	914 998
06	ANDRE INSTALLASJONER	581 498	581 498
	SUM : 01-06 HUSKOSTNAD	23 944 375	23 944 375
07	UTENDØRS	9 499 492	9 499 492
	SUM : 01-07 ENTREPRISEKOSTNAD	33 443 868	33 443 868
08	GENERELLE KOSTNADER	3 035 119	3 035 119
	SUM : 01-08 BYGGEKOSTNAD	36 478 986	36 478 986
09	SPESIELLE KOSTNADER	747 819	747 819
10	MVA	9 306 701	9 306 701
	SUM : 01-10 BASISKOSTNAD	46 533 507	46 533 507
11	FORVENTET TILLEGG	3 257 345	3 257 345
	SUM : 01-11 PROSJEKTKOSTNAD	49 790 852	49 790 852
12	USIKKERHETSAVSETNING	2 326 675	2 326 675
	SUM : 01-12 KOSTNADSRAMME	52 117 528	52 117 528
13	PRISREGULERING	1 628 161	1 628 161
	TOTAL SUM : KALKYLE	53 745 688	53 745 688

5. OPPSUMMERING

Brannstasjonen får plass på tomta med ønska funksjonar i bygget (isolert garasje, treningsrom, reinhaldssentral, kompressorrom og moglegheit for flaskerom). Forslaget i dette notatet syner ein brannstasjon på 672 kvm, løysinga i rapport D var 595 kvm.

Tal parkeringsplassar er ivareteke og det er plass til manøvrering for inn- og utkøyring. Løysinga krevjer mur mot både Tyssevegen og Samnangervegen.